

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	
Høyringsinstans (svarar)	KA-personal
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Fråsegna byggjer på dei prosessane som har vore ved dei tre institusjonane.
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 4</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov  KA-personal tilrår modell 1.  Grunngevinga for dette er at det dei første åra må vere eit sterkt fokus på å bygge institusjonen <i>Høgskulen på Vestlandet</i> . For å sikre god kvalitet samla for organisasjonen både forvaltningsmessig og styringsmessig er det viktig i ei oppbyggingsfase av den nye HVL at ein har eit felles grep om den nye organisasjonen. Dette er etter vår vurdering svært viktig i den fasen HVL er no.  I ein administrasjon med styringslinje i fellestenestene og distribuerte tenester vil ein først måtte fordele ressursar innanfor ulike administrative tenester geografisk og til det nivået behovet er. På den måten får ein administrativt personale som har kunnskap om verksemda til eit institutt og/eller fakultet eller geografisk område, og som følgjer opp og gir støtte. Desse personane vil vera instituttet, fakultetet eller studiestaden sin stab, medan personalansvaret for desse følgjer linja??. På denne måten ivaretek ein behovet for felles fagadministrativ koordinering og behovet for støtte/tenester ved ulike einingar.  Organiseringa av dei administrative tenestene må fremje lik og gjennomgåande god kvalitet på dei administrative tenestene i HVL slik at vi kan utvikle felles standardar, like rutinar og eins praksis. Personalområdet er eit viktig fagområde som må halde god kvalitet for å fremje profesjonalitet i støtteapparatet til organisasjonen. Dette blir best fremja av eit organisatorisk samlande kompetansmiljø for administrativt personale med profesjonalitet, og som har eit stort fagmiljø «i ryggen». Vi trur at det vil vere mest effektivt å samle ressursane

slik at ein kan utnytte den samla kapasiteten innanfor dei administrative tenestene best mogeleg.

Eit samlande organisatorisk fagmiljø, vil bidra til god kvalitet i administrative tenestene. Det er viktig å oppretthalde stadnære tenester i alle deler av administrasjonen for å få løyst oppgåvene nærast mogeleg der utfordringane er, og å oppretthalde og utvikle gode tenester på alle studiestader. Samla organisatorisk fagmiljø vil og gjere det meir fagleg interessant å arbeide i administrative stillingar uavhengig av studiestad. Det vil gi mindre sårbarheit og gi betre moglegheit for å jobbe med utviklingsoppgåver.

Personalforvaltninga er til dels svært regelbunden, og det er viktig å gjennomføre gode og rette prosessar i både tilsettingssaker og i oppfølging av tilsette. Rekruttering av tilsette er og blir svært viktig, og vi må ha profesjonalitet i alle ledd. Ein felles administrativ leiar på institusjonsnivå med instruksjonsmynde vil sikre at forvaltninga skjer einsarta og i tråd med dei bestemmelsar som gjeld. Vi vil sikre at tilsette blir likt behandla og dermed opplever å høyre til *same* institusjon.

Å byggje store og sjølvstendige fakultetsadministrasjonar vil etter vårt syn vere meir sårbart enn å forankre den administrative leiinga i ei fellesteneste. Dekanane vil høyre til på *ein* campus og fakultetsadministrasjonar vil truleg i stor grad vera knytt til den eine campusen, og dermed vil delar av fakultetet/delar av institutta ikkje ha fakultetsadministrasjonen sin i nærleiken. Administrativ støtte i det daglege kan imøtekomast ved ein lokal, fakultetsuavhengig fellesadministrasjon.

Vi trur også at å byggje sjølvstendige fakultetsadministrasjonar vil vere meir kostnadskrevjande enn å ha administrative tenester forankra i ein fellesadministrasjon. Dersom det er behov for det, vil tilsette kunne nyttast på tvers i organisasjonen og slik sett sikre betre ressursutnytting. Målet må vere å ha ein effektiv organisasjon, HVL må ha som utgangspunkt å vera ein mest mogleg lett og enkel organisasjon.

Fusjonen bygger i stor grad på moglegheitene som større fagmiljø gir. Det er viktig å bygge den nye organisasjonen på at dei administrative fagmiljøa også dreg synergjar av å vera i eit større fagmiljø. Administrative støttefunksjonar er også fag som det krevst høg kompetanse for å ivareta. Dette bør avspeglast i den administrative organiseringa.

HVL må etablere ei administrativ organisering som bidreg til å styrke den samla administrative kompetansen. Felles fagutvikling og ei samla bruk av fagressursane vil gje samla best støttefunksjonar for heile organisasjonen.

Vi rår til derfor å gå for modell 1, men med ei klar føresetnad om at administrativt tilsette innanfor dei fleste administrative fagområde, skal vera fysisk lokalisert på alle studiestader og knytt til alle fagmiljø for å sikre detaljkunnskap om studiestader og fagmiljø som er naudsynt for å utøve tenester med lokal og fagleg forankring. Slik byggjer vi best **ein ny organisasjon** med god **lokal og fagleg forankring**.

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	<p>Vi tilrår at personaldirektør og økonomidirektør vert tilsett på nivå 2. Det er viktig at så strategisk viktige administrative område er forankra i institusjonsleiinga og sikrar at desse perspektiva også er med i dei strategiske diskusjonane.</p>
<b>Kap 5</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
<b>Kap 6</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
Andre merknader	